

# Er du eigar av fritidsbustad i Meland eller Lindås ?

1. januar 2016 fekk vi ei ny forskrift om brannførebygging. Eitt av tiltaka i den nye forskrifta er at fritidsbustader får same krav til branngjeggleik som heilårsbustader. **Har du spørsmål knytt til dette, ta kontakt med Lindås kommune på tlf. 56375000, mellom kl. 08.00-15.30 eller mail til postmottak@lindas.kommune.no**

Publisert 30. oktober 2017 | Oppdatert 30. oktober 2017

[0Del](#)

Brannvesenet pliktar no å gjennomføre tilsyn og feiing i alle fritidsbustader med eldstad. Under eit slikt besøk sjekkar vi branngjeggleiken og om skorsteinen treng feiing. Auka krav til branngjeggleik i fritidsbustad gjer at vi også sjekkar om det er røykvarslar i kvar etasje, og tilgjengeleg sløkkjeutstyr.

I samband med dei nye reglane, ønskjer vi å hente inn informasjon om fyringsanlegga i dei ulike fritidsbustadane, slik at vi kan lage ein plan for gjennomføring av tilsynet. Vi vil starte med feiing og tilsyn i fritidsbustader før sommaren og ber deg difor fylle ut skjema og returnere til oss så snart som mogleg. [Ta kontakt med brannvernet](#).

Bruk gjerne det elektroniske skjemaet som du finn på heimesida vår: [brannvernet.no](#)

## Kva kostar feiing og bustadtillsyn?

Gebyr for tilsyn og feiing inngår i dei kommunale avgiftene som du betalar kvart år. Kostnaden for feiing og tilsyn er rekna ut til ein gjennomsnittleg pris per år – slik at du betalar same beløp kvart år, uavhengig om du har hatt feiing og tilsyn det året, eller ikkje.

- Årsbeløpet for feiing og tilsyn er 420 kroner per bueining. Fritidsbustad reknast som ein bueining, beløpet er likt for alle bustader med registrert eldstad.
- Tillegg for ekstra skorstein er kr 147,75

Du kan laste ned brevet frå Lindås og Meland Brann og redning [her](#)

Du kan lese meir om feiing og tilsyn på heimesida vår [her](#)